

NYE RAMMEVILKÅR FOR LOKALRADIO

Vi viser til tilsendt innstilling frå arbeidsgruppa av 31. mars 2005 og Radio Hallingdal vil uttale følgjande:

1. RH ber om at kravet om lokalt innhald blir understreka om mogleg enno sterkare enn det er i innstillinga då dette er eit av dei viktigaste sermerka som vi som radio vil få framover og som gjer at vi kan skilja oss ut frå ”røkla” av kanalar som kjem i kjølvatnet av DAB innføringa. Kravet om lokalt innhald må strekke seg lenger enn til berre å krevja ein programleiar med lokal adresse, her må vera spesifikt lokalt innhald.
2. Frå FM til DAB: RH er sterkt bekymra for at innføring av DAB slik den til no har vorte framstilt, er den sikre død for lokalradioar av den arten som RH utgjer. Det er mogleg at det er ønska politikk å bli kvitt slike, men då bør det seiast i klarare ordelag enn til no! Dersom det ikkje er det, så må det innførast ordningar av økonomisk karakter som gjera at slike radioar får ein sjanse til å vera med vidare. RH eig i dag heile sitt sendarnett og driv det sjøl – med avgiftene som er varsla omkring DAB er vi ute av spelet relativt fort. Vårt primære krav er at lokalradioar får lov å nytte sitt FM nett vidare då DAB radioar kan ta i mot begge typer signal så langt vi er orientert. Sekundært må det vera eit absolutt generelt krav at det offentlege sørger for at det ikkje blir økonomisk umogleg for radioar som driv meir eller mindre på dugnadsbasis ikkje får vera med vidare grunna kostnad med omlegging til DAB.
3. Konesjonsområder: Her må det som Raymond seier vera lov å bruke hue! SSB sine økonomiske regionar er etter RH sitt syn ein svært naturleg måte å bruke som konsesjonsområde i mange tilfeller, serleg utover i distrikta. Omkring dei store byane er det, som rapporten peikar på, noko meir innfløkt og fører til mykje overlappingar. Her må då reglane gi svært godt rom for skjønn slik at konsesjonsområdet blir tilpassa situasjonen der konsesjonen skal utøvast og dei interessene som vil utøve konsesjonen. Det er i rapporten sagt at ”det skal leggjast til grunn at kommersielt drivverdige områder med lønnet personell bør ha en størrelsesorden på minst 40 000 innbyggere” RH ber om at det her blir brukt eit vidare syn enn som så. RH sitt konsesjonsområde har ein fast befolkning på 20 000 – det er for lite til at vi kan drive som vi gjer. MEN – her er Norges største turistregion med bl.a. 22500 hytter, og eit stort næringsliv som er knytta til turisme. Dette gjer at vi ved å drive rett, får tilgang til dei ressursane vi til no har hatt behov for. Det er derfor viktig at det ikkje blir lansert slike forsøk på absolute tall som skal danne grunnlag for eit konsesjonsområde – det må vurderast meir individuelt.
4. Konesjonsavgift: RH seier ja til konsesjonsavgift frå store, kommersielle kjederadioar men ikkje frå andre. Storleik og bruk av avgifta har vi ingen sterke meininger om, men skal radioar av ekte lokalradioare overleva, må ein som nemnt under punkt 2 inn med ordningar ein gong i framtida, og då kan eit fond frå slike avgifter vera ein del av dette –det blir på langt nær nok! Forslaget frå NLR om at radio som får konsesjon på å disponere ein heil frekvens (s. 149) må vera ei mistyding. Radioar ute i distrikta gjer jo nettopp det – disponerer ein heil frekvens! Skal så dei belastast med enno ei avgift etter same mønster som PT si avgift for antal sendarar? Her må NLR skjerpe seg og vera bedre orientert om kvardagen til radioane omkring og ikkje tenke i sjablongar!U
5. Konesjonsperiode: RH stør forslaget om 7 års konsesjonsperioder.

6. Bingo: Om ein likar det eller ei, så er radiobingo grunnmuren for mange ekte lokalradioar og vil nok bli det i lang tid framover og så lang vi ser. Det er derfor svært viktig at bingoreglane til eikvar tid er slik at dei opnar for å kunne ha premiar og rammevilkår som gjer at radiobingo blir attraktivt i konkurranse med statlege spell av ulik art. Ein må vera svært på vakt for innskrenkingar av radiobingoregimet.
7. Midlar til lokalradio: Tilskotsordninga gjennom medietilsynet er grei og til god hjelp, men kan med fordel utvidast og gjerast enno meir fleksibel.

3576 HOL 1.8.05

Helsing
Radio Hallingdal

Knut Medhus

Rita Stavn